

# NiN-Prosjektinnmelding

Brukarrettleiing, versjon 13.3.2024



# Innhald

1.	Innle	eiing	4
	1.1	Om NiN dataflyt	4
	1.2	Om NiN-Prosjektinnmelding	4
2.	Tilga	ang og innlogging	6
	2.1	Innleiing	6
	2.2	Etablering av brukar (Min side)	6
	2.3	Be om tilgang til NiN-Prosjektinnmelding	9
3.	Ove	rsikt over applikasjonen	11
4.	Орр	rette prosjekt for å bestille kartlegging	12
	4.1	Krav til prosjektgeometri	12
	4.2	Opprette geometri ved å digitalisere i applikasjonen	12
	4.3	Opprette prosjektgeometri ved å hente objekt frå kartlag	13
	4.4	Opprette prosjektgeometri ved hjelp av filimport	14
	4.5	Leggje til informasjon om prosjektet	15
	4.6	Kombinere Tegn og Plukk ved multipolygon eller hol i objekt	16
5.	Redi	igere prosjekt	20
	5.1	Tilgang til å redigere	20
	5.2	Finne fram til prosjekt som du vil redigere	20
	5.3	Redigere geometri og eigenskapar og leggje til brukarar	21
	5.4	Kopiere eigenskapar frå eitt prosjekt til fleire	22
	5.5	Slette prosjekt med status "Utkast"	24
	5.6	Splitte prosjekt	25
6.	Best	tille og følgje opp prosjekt	26
	6.1	Bestille prosjekt	26
	6.2	Utvide eit bestilt prosjekt	27
	6.3	Dersom prosjektet ikkje blir fullstendig kartlagt	28
7.	Pros	sjektutkast som kjem i overlapp	29
	7.1	Overlapp med tidlegare kartlagt areal	29
	7.2	Overlapp med andre prosjekt	32
8.	Eksp	porter prosjekt	35
9.	Hen	te kartleggingsdata	36
10	).	Melde inn forslag frå statsforvaltaren	37
	10.1	Overordna arbeidsflyt ved innmelding	37
	10.2	Eigenskapar for innmeldt forslag	37
		10.2.1Felles eigenskapar for alle program	37
		10.2.2Programavhengige eigenskapar	38
		10.2.3Innmelding av forslag til kartleggingsområde	39
	10.3	Resirkulering av tidlegare innmeldte forslag	39

### 1. Innleiing

#### 1.1 Om NiN dataflyt

NiN dataflyt er namnet på den dataflyten Miljødirektoratet har bygd opp med tanke på naturtypekartlegging som bygger på Natur i Norge (NiN).

NiN dataflyt kan kort skildrast slik:

- 1. Miljødirektoratet set opp kartleggingsprogram i **NiN-Admin**.
- 2. Instansar som treng kartlegging avgrensar og bestiller kartleggingsprosjekt i **NiN-Prosjektinnmelding**.
- 3. Bestilte prosjekt blir kartlagt ved bruk av NiNapp (IOS), Arter (IOS) og NiN-Web.
- 4. Etter at kartlegging er fullført, sender kartleggar data til godkjenning via **NiN-Web**.
- 5. Registreringar av artar skal eksporterast frå **Arter (IOS)** og leverast til Artsdatabanken. Om firmaet har eigen dataflyt (GBIF-node) kan data leverast via denne.
- 6. Miljødirektoratet godkjenner data i NiN-Admin.
- 7. Bestillar av kartlegging kan eksportere data frå kartleggingsprosjekt i **NiN-Prosjektinnmelding**.
- 8. Miljødirektoratet publiserer godkjente data og utvekslar data med Artsdatabanken.



#### 1.2 Om NiN-Prosjektinnmelding

Applikasjonen NiN-Prosjektinnmelding er utvikla for å kunne avgrense areal som skal kartleggjast ved bruk av NiNapp. Eit kartleggingsprosjekt får status som "Utkast" når du opprettar det. Når all nødvendig informasjon er lagt til, kan prosjektet bestillast i applikasjonen. Prosjektet vil deretter vere tilgjengeleg i kartleggingsverktøya og i kontrollapplikasjonen NiN-Admin. I NiN-Prosjektinnmelding har prosjektet status "Bestilt". Arbeidsflyten ved bestilling av kartlegging i NiN-Prosjektinnmelding er slik:

- 1. Du må du oppfylle krava Miljødirektoratet har sett til dei som ønskjer å bestille kartlegging og få tilgang til NiN-Prosjektinnmelding.
- 2. Gå til <u>https://ninkartlegging.miljodirektoratet.no</u> og opne NiN-Prosjektinnmelding.
- 3. Etabler prosjektet som utkast ved å teikne opp det området som skal kartleggjast. Gi prosjektet eit kort og beskrivande geografisk namn.
- 4. Fyll inn eigenskapar for prosjektet, inklusive kven som skal utføre kartlegginga.
- 5. Når prosjektet er komplett registrert, kan du bestille det ved å endre status frå Utkast til Bestilt. Etter at et prosjekt er bestilt, kan du leggje til kartleggarar, men ikkje fjerne nokon. I tillegg kan du utvide geometrien til prosjektet, men ikkje innskrenke han.
- 6. Etter at prosjektet er bestilt, vil ein kartpakke for nedlasting og offline bruk bli klargjort automatisk. Når kartpakken er ferdig, vil prosjektet vere synleg og redigerbart i kartleggingsverktøya.

Statsforvaltarane har ein årleg dialog med Miljødirektoratet knytt til fleire kartleggingsprogram. NiN-Prosjektinnmelding støttar denne dialogen gjennom ein eigen status, kalla "Innmeldt forslag". Dette er forslag til kartleggingsprosjekt som Miljødirektoratet handsamar vidare og bestiller i applikasjonen. Prosjekt som gjennom handsaminga blir klare for utlysing, kan setjast til ein eigen status, kalla "Utlyses".



Eit prosjekt er ikkje knytt til den brukaren som opprettar prosjektet. Alle andre brukarar av NiN-Prosjektinnmelding frå same etat<sup>1</sup> som denne brukaren kan redigere dette prosjektet. Prosjekta kan seiast å vere etaten sin "eigedom". Intern organisering av arbeidet er etaten sitt ansvar.

<sup>&</sup>lt;sup>1</sup> "Etat" er i denne samanhengen eit samleomgrep for organisasjon/institusjon/firma som ein brukar høyrer til.

## 2. Tilgang og innlogging

#### 2.1 Innleiing

For å kunne bruke NiN-Prosjektinnmelding, må du må du oppfylle krava Miljødirektoratet har sett til dei som ønskjer å bestille kartlegging og få tilgang til applikasjonen. Prosedyrar, krav og vilkår er formidla i ein <u>rettleiar</u> publisert på heimesida til Miljødirektoratet.

Alle som vil bestille naturtypekartlegging må fylle ut eit skjema i Elektronisk søknadssenter hos Miljødirektoratet. Lenke til skjemaet finn du i rettleiaren. Når du har fylt ut skjemaet og har fått melding om at alt er i orden, kan du gå til <u>https://nin-</u> <u>prosjektinnmelding.miljodirektoratet.no</u>.

Frå og med 2024 nyttar Miljødirektoratet eit nytt system for å logge inn i applikasjonen. Systemet er kalla «Min side», og det skal handtere innlogging for mange fagsystem/applikasjonar i direktoratet. For NiN-Prosjektinnmelding er rollene du kan ha, og organisasjonane du kan representere, integrerte i Min side. Adressa til Min side er <u>https://minside.miljodirektoratet.no/profile</u>.

Første gangen du loggar inn, må du etablere ein brukar i Min side, og etter det kan du leggje inn førespurnad om å få ei rolle i NiN-Prosjektinnmelding. Når førespurnaden er godkjent, kjem du direkte til applikasjonen når du loggar inn. Skulle du ha tilgang til fleire applikasjonar som nyttar Min side, må du velje applikasjon først.

#### 2.2 Etablering av brukar (Min side)



Klikk "Ekstern" om du ikkje er tilsett i Miljødirektoratet.

	() NC
Miljø- direkte	oratet NiN-Prosjektinnmelding
Logg på i	med din brukerkonto
Brukerna	Vn
Passord	
Glemt passo	rd?
	Logg på
Ny bruker?	Opprett ny brukerkonto
Logg på i	med ekstern konto
128	Cratefore altama

Du må opprette brukarkonto ved første gangs innlogging. Kjem du frå statsforvaltaren, brukar du denne knappen.

#### Personvernerklæring for Miljødirektoratet

Her finner du informasjon om hvilke personopplysninger vi samler inn, hvorfor vi gjør dette og dine rettigheter knyttet til behandlingen av personopplysningene.

Du må samtykke i kva for opplysningar Miljødirektoratet samlar inn og korleis dei blir brukt. Bla gjennom heile personvernerklæringa, kryss av for samtykke og hald fram.

≮ Avbryt	≮ Avbryt
Opprett ny brukerkonto	Opprett ny brukerkonto
Du oppretter nå en ny brukerprofil for bruk av Miljødirektoratets fagapplikasjoner og -tjenester. Brukerprofilen identifiseres av epost-adresse og personlig passord. Hvis du skal representere din arbeidsgiver i våre løsninger ønsker vi at du registrerer arbeidsgiverepost- adressen din. Hvis du kun skal bruke en løsning som privatperson kan du selv velge hvilken epostadresse du bruker. Det vil ikke være mulig å endre e-postadresse og om du bytter arbeidsgiver må du opprette en ny brukerprofil.	Du oppretter nå en ny brukerprofil for bruk av Miljødirektoratets fagapplikasjoner og -tjenester. Brukerprofilen identifiseres av epost-adresse og personlig passord. Hvis du skal representere din arbeidsgiver i våre løsninger ønsker vi at du registrerer arbeidsgiverepost- adressen din. Hvis du kun skal bruke en løsning som privatperson kan du selv velge hvilken epostadresse du bruker. Det vil ikke være mulig å endre e-postadresse og om du bytter arbeidsgiver må du opprette en ny brukerprofil. Verifiseringskode ble sendt til innboksen din. Vennligst kopier koden til felten nedenfor.
E-postadresse	ptheodor@loqal.no
	Verifiseringskode
Send verifiseringskode	Verifiser kode Send ny kode

Les rettleiinga, skriv inn e-postadressa som skal vere brukarnamnet ditt og be om verifiseringskode. Skriv inn verifiseringskoden i neste steg.

E-post adressen er verifisert. Du kan nå fortsette. ptheodor@loqal.no Endre e-post	Du mangler rettigheter i applikasjonen Du har ikke tilstrekkelige rettigheter for NiN- Prosjektinnmelding. Vennligst naviger til Min Side ved å trykke på knappen nedenfor. Der kan du opprette en vettighetforgregened. Dervi å bitte
Nytt passord Bekreft nytt passord	Prosjektinnmelding på nytt etter at du har fått tilstrekkelige rettigheter fra Min Side administrasjon. Opprett tilgangsforespørsel
Fornavn	
Etternavn	
Opprett konto	

Skriv inn passord og namn og be om at kontoen blir oppretta. Du får så høve til å be om tilgang til NiN-Prosjektinnmelding.

direktoratet MinSide	 Ekstra sikkerhet ved pålogging
Logg på med din brukerkonto	Denne tilgangen krever ekstra sikkerhet ved pålogging med kode på SMS. Oppgi det telefonnummeret du ønsker å benytte for påloggingskoder på SMS.
ptheodor@loqal.no	
	Landskode
Glemt passord?	Norge(+47)
Logg på	Telefonnummer
Ny bruker? Opprett ny brukerkonto	
Logg på med ekstern konto	Send verifiseringskode
ID Porten	

Logg inn med den nye brukaren din, legg inn telefonnummer. Be om verifiseringskode, legg inn koden i neste steg og hald fram når telefonnummeret er verifisert.

Har du tidli	ere brukt noen av Miljødirektoratets løsninger?	
🔘 Ja, jeg	nar brukt noen av Miljødirektoratets løsninger tidligere	
💿 Nei, je	g er ny bruker	

Ingen av Naturbase- eller NiN-applikasjonane er lagt til rette for at du kan svare "Ja" i dette skjemaet. Svar "Nei" her.

Min side	Miljør direkta Test
Ingen adgang Vennlig velg din arbeidsgiver for å fortsette å bruke Min Side <u>Velg Arbeidsgiver</u>	Velg Arbeidsgiver søk arbeidsgiver miljøfaglig Søk

Du må velje kva for organisasjon som er arbeidsgjevaren din. Søket gir treff i Brønnøysundregistrene. Vel eitt av treffa, til dømes eit regionkontor for eit tverrfagleg konsulentfirma. I neste steg må du stadfeste arbeidsforholdet.

#### 2.3 Be om tilgang til NiN-Prosjektinnmelding

Når du har gått gjennom brukaretableringa, endar du opp i brukargrensesnittet til Min side. Her kan du redigere profilen din, sjå kva for tilgangar du har osb.

		Miljø direktore Min side
8	Profil	Brukerinformasjon
>	Valider mot ID-porten	Navn E post/brukerpavn
ر گ	Rettigheter Hent fra tidligere	Arbeidsgiver Telefon
>	Be om ny rettighet	
$\bigtriangledown$	Personvern	Språk
0	Hjelp	

For å få tilgang til NiN-Prosjektinnmelding, ber du om ny rettighet og følgjer arbeidsflyten.

1. Finn applikasjon	2. Velg rettighet	3. Bekreft			
Finn ønsket f	agapplikasj	on/-løsnin	g		
Miljødirektoratet har en samlede oversikten. Hvi	rekke ulike fagapplika: s du skriver i søkefeltet	sjoner eller -løsninge : vil listen tilpasse se	r som du kan be or g dine søkebegrepe	n rettighet til å benytt er. Når du har funnet ø	e. I listen under finner du den ønsket løsning klikker du på den.
Søk i applikasjoner				]	
NiN-Prosjektinn	melding				

1. Finn applikasjon     2. Velg rettighet     3. Bekreft	
Velg rettighet	
Be om den rettigheten du trenger for denne applikasjonen. Roller og tilganger for NiN-Prosjektinnmelding	
NiN-Prosjektinnmelding - Ekstern - Bestiller Bestiller for NiN-Prosjektinnmelding (Lage utkast, bestille prosjekt). Gjelder eksterne organisasjoner (ikke Miljødirektoratet, kommune eller Statsforvalter	Rolle
NiN-Prosjektinnmelding - Kommune - Bestiller Bestiller for NiN-Prosjektinnmelding (Lage utkast. bestille prosjekt). Gjelder kun kommuner.	Rolle
NiN-Prosjektinnmelding - Statsforvalter - Bestiller Bestiller for NiN-Prosjektinnmelding (Lage utkast. bestille prosjekt). Gjelder kun Statsforvalter.	Rolle
NiN-Prosjektinnmelding - Statsforvalter - Prosjektforslag Prosjektforslag for NiN-Prosjektinnmelding (Lage utkast, melde inn forslag). Gjelder kun Statsforvalter.	Rolle

Desse rollene er knytt til organisasjonar, og du må velje den kombinasjonen av rolle og organisasjon som passar. For alle andre enn statsforvaltar og kommune blir det "Ekstern – Bestiller".

1. Finn applikasjon     2. Velg rettighet     3. Bekreft
-ullfør forespørsel og send
Applikasjon: NiN-Prosjektinnmelding Rettighet: NiN-Prosjektinnmelding - Ekstern - Bestiller
Du må fylle ut noen opplysninger knyttet til rettighetsforespørselen, som fremgår av feltene under.
Rettigheten krever at du oppgir hvilken organisasjon (fra en liste) som du ber om rettighet for.
~
Jeg kan ikke finne organisasjonen min i den øverste nedtrekkslisten.
Ragruppoleo for å bo om doppo rottighetop
Forklar hvorfor du tranger rettighet til danna applikasionen
Jeg aksepterer at Miljødirektoratet gjenbruker brukerprofilen min med de brukeropplysninger som finnes fra før, og at ny rettighet knyttes mot denne.
Der rettighet krever at bruker velger en konkret organisasjon en skal representere:
<ul> <li>Jeg bekrefter at jeg har lov til a representere valgt organisasjon i rettigheten</li> <li>Jeg aksenterer at rettighet gjelder så lenge jeg har lovlig tilknytning til organisasjonen (arheider</li> </ul>
i, eller representerer). Hvis tilknytninget opphører, kan Miljødirektoratet fjerne rettighet uten
nærmere varsel. Hvis dette skjer blir det logget i hendelsesarkivet som finnes under menypunkt "Personvern"
Send Avbryt

NiN-Prosjektinnmelding har ei eiga organisasjonsliste, som sikrar at brukarar frå same overordna organisasjon kan sjå alle prosjekta til organisasjonen. Du treng ikkje grunngje nærare kvifor du ber om tilgangen, sidan du allereie har gjort det via skjema i Elektronisk søknadssenter. Berre skriv inn noko kortfatta. Finn du ikkje organisasjonen din i lista, kryssar du av for dette og opplyser om kva for organisasjon du høyrer til. Miljødirektoratet vil leggje til organisasjonen din, og så kan du prøve på nytt.

Når du har sendt inn førespurnad om tilgang, får du stadfesting på at han er mottatt.

Søknad om tilgang mottatt
Du har bedt om rettighet til løsningen "NiN-Prosjektinnmelding" med tilgang "NiN-Prosjektinnmelding - Ekstern - Bestiller" for organisasjonen "ASPLAN VIAK AS".
En godkjenner har nå mottatt søknaden din, og den vil bli vurdert så snart som mulig.
Resultatet av behandlingen er at:
<ul> <li>du får ønsket rettighet, eller</li> <li>du får ikke ønsket rettighet, eller</li> <li>du får en rettighet, men til noe annet enn det du ba om</li> </ul>
Du får en e-post når søknaden er behandlet. Du vil deretter finne rettigheten din i MinSide og kan starte applikasjonen fra oversikten over dine rettigheter. Det kan også finnes andre måter du kan starte applikasjonen (lenker fra andre nettsteder eller nettadresser (URL'er) du kan lagre som favoritter i nettleseren din.

#### nistrator (bytt rolle) | PERSONVERNERKLÆRING | KONTAKT | LOGG UT Miljø-direktoratet NiN-Prosjektinnmelding Bakgrunnskart og støttekart Verktøymeny Registrerte prosiekter Søk og filter FINLAND Molde SVERIGE Liste over prosjekt oppretta NORGE av din etat Helsin Tallinn Stockholm 0 -300 kg ESTLAND

### 3. Oversikt over applikasjonen

NiN-Prosjektinnmelding er bygd opp med eit panel til venstre og ei kartramme.

I panelet ligg verktøyknappar for å gjere ulike operasjonar med data i applikasjonen. Vidare finn du søk og filtrering, som kan hjelpe deg med å finne fram det prosjektet du vil arbeide med. Den dominerande delen av panelet er ei liste over dei prosjekta som er oppretta av din etat.

I kartet finn du alle prosjekt som er oppretta. Du kan sjå på alle prosjekt og mellom anna finne ut kven som er oppdragsgjevar for eit bestilt prosjekt og kven som har oppretta prosjektet. Dette kan vere praktisk i fall du er i ferd med å leggje ditt prosjekt i overlapp med eit prosjekt som ein annan etat har bestilt, og du ønskjer å finne ut om det er mogleg å samordne seg med den andre.

Applikasjonen har nokre kartlag som kan vere nyttige som støtte i arbeidet. Mellom anna finn du oversikt over tidlegare kartlagde område (dekningskart).

### 4. Opprette prosjekt for å bestille kartlegging

#### 4.1 Krav til prosjektgeometri

Av tekniske omsyn er det nødvendig å ha strenge krav til geometrien for prosjekt. Dette er basert på røynsler med ulike variantar av geometrikrav som har vore prøvd ut i utviklingsprosessen for NiN dataflyt.

Følgjande krav gjeld:

- 1. Prosjektgeometrien kan ikkje vere større enn 70km2 (7000 haa)<sup>2</sup>.
- 2. Prosjektgeometrien kan ikkje vere multipolygon. Geometrien må vere <u>ei</u> flate.
- 3. Prosjektgeometrien kan ikkje ha hol inne i polygonen. Flata må vere heil.
- 4. Geometrifeil som sjølvkryssing og liknande er ikkje lov og vil gje feilmelding.

Brot med krav 1-3 vil gje denne feilmeldinga:



Brot med krav 4 vil gje denne feilmeldinga:

Lagring av nytt område feilet! Prøv på nytt!

Feilmeldinga kan også kome ved teknisk feil av eit eller anna slag. Opplever du dette, bør du starte applikasjonen på nytt.

×

#### 4.2 Opprette geometri ved å digitalisere i applikasjonen

NiN-Prosjektinnmelding har verktøy for å teikne området som skal kartleggast rett inn i kartet.

Klikk på knappen "Opprett" og klikk på "Tegn".



<sup>&</sup>lt;sup>2</sup> Den maksimale storleiken byggjer på tekniske risikovurderingar, så denne grensa kan bli justert.

Du avsluttar teikninga med dobbeltklikk, eller ved å klikke på "Ferdig"-knappen, og prosjektet er oppretta. Statusen er "Utkast". "Ferdig"-knappen er særleg mynta på nettbrett, men kan brukast også på PC.

#### 4.3 Opprette prosjektgeometri ved å hente objekt frå kartlag

Området som skal kartleggast, vil i fleire høve finnast allereie i eit anna kartlag. Døme på dette er eigedomar og naturvernområde.

Klikk på knappen "Opprett" og klikk på "Plukk".



Du kan velje blant dei kartlaga som kjem opp i lista, og du må velje eitt kartlag om gangen.

Miljø- direktoratet NiN-Prosjektinnmelding	$\frown$	
← Registrerte prosjekt	SMOLA	32
Definer det nye prosjektet ved å tegne i kartet eller plukke objekt fra et kartlag.	Tegn Man Pluk 533	1
Prosjektareal	Naturvernområder	
Prosjektområdenavn *	Foreslåtte naturvernområder	
	SSB Ruter	
Velg et kort stedsnavn.	Eiendomsgrenser	
Prosiektbeskrivelse *	Dekningskart Natur i	
	verneområder (NiN)	
	Dekningskart Naturtyper Mdir-	□,
Kontaktnerson *	68 BEE . Startuks	
Kurtaktperson	Prosjektinnmelding plukkelag	

Start med å velje eit kartlag du vil plukke frå. Kartlaget blir da aktivert for dette, og du får tilgang til verktøy for å utføre plukkinga. Du kan plukke eitt og eitt objekt frå kartlaget du har valt, eller du kan teikne ein figur som tar med seg alle objekt figuren dekkjer. Ver merksam på at nokre av kartlaga har geometriar som ikkje blir aksepterte i NiNprosjektinnmelding, til dømes objekt med hol i. Får du problem med dette, kan du teikne ein figur omtrentleg og deretter plukke enkeltobjekt frå plukkelaget. Dette gir meir kontroll.

Miljø- direktoratet NiN-Prosjektinnmelding		
← Registrerte prosjekt	Ytre Funktionen 100000000000000000000000000000000000	Jva
Definer det nye prosjektet ved å tegne i kartet eller plukke objekt fra et kartlag.	Storora Fuglanesdalen Velg hvilket kartlag du vil bruke som	
Prosjektareal	Runden Naturvernområder	
Prosjektområdenavn *	Slettbakktinden Hoghe Foreslåtte naturvernområder	
	SSB Ruter	
Velg et kort stedsnavn.	Eiendomsgrenser	
Prosjektbeskrivelse *	Fjeinesdalen Skarvbergvika Dekningskart Natur i verneområder (NiN)	
	Dekningskart Naturtyper Mdir- instruks	
Kontaktperson "	KORSNESFJORDEN Prosjektinnmelding plukkelag	

Du kan bruke "Plukk" til å leggje til objekt, men også fjerne objekt. Når du startar, er berre "Legg til" tilgjengeleg. Så snart prosjektet har ein geometri, kan du også fjerne objekt. Alle desse knappane held seg aktive heilt til du skifter knapp eller går ut av denne funksjonaliteten. Hugs å følgje med på kva for knapp som er aktiv!

Dei fleste plukkelaga eignar seg både til å leggje til og trekke frå areal i eit prosjektutkast. Dei tre dekningskarta og kartlaget "Prosjektinnmelding plukkelag" eignar seg mest til å trekke frå, slik at du ikkje får overlapp med tidlegare kartlagt areal eller andre prosjekt i same år. Sjå meir om dette i <u>Prosjektutkast som kjem i overlapp</u>.

#### 4.4 Opprette prosjektgeometri ved hjelp av filimport

Området som skal kartleggast kan vere definert på førehand, til dømes eit planområde eller eit område som skal konsekvensvurderast.

Klikk på knappen "Importér", og du får opp funksjonaliteten for å importere ei shapefil. Fila kan innehalde fleire prosjekt.



Merk vilkåra i hjelpeteksten. Om du ikkje har attributtet "Navn" i fila, vil applikasjonen etablere eit førebels namn på prosjektet eller prosjekta (tal frå 0 og oppover).



Etter at du har klikka på "Last opp shapefil" og funne fram til fila, vil applikasjonen laste inn prosjekta og eventuelle namn. Applikasjonen varslar om kor mange objekt som blei importert. Objekt som ikkje blir importert, vil vere for store og/eller ha geometrifeil.

### 4.5 Leggje til informasjon om prosjektet

Når du etablerer prosjektgeometrien ved å teikne i kartet eller plukke objekt frå kartlag, vil applikasjonen zoome inn på prosjektet, og du får opp skjema for å fylle inn eigenskapar i panelet til venstre. Når du importerer shapefil, må du opne prosjektet frå prosjektlista.

Alle prosjekt får eit førebels namn når geometrien blir etablert. For å halde orden i prosjekta dine, vil det vere lurt å gje prosjektet eit korrekt namn med ein gong. Erstatt det førebelse namnet med eit kort stadnamn. Du kjem tilbake til prosjektlista ved å klikke i "Registrerte prosjekt".

← Registrerte prosjekt	۵	ot	ţ	8	
401304_[Prosjektområdenavn]_2023_[programkode] Bruk	tegn	Klipp	Splitt	Plukk	
Prosjektområdenavn *					22221
[Prosjektområdenavn]		111/2	1		Periodian
Velg et kort stedsnavn.		15-			
Prosjektbeskrivelse *					
Kontaktperson oppdrag *	14	6			1 - S
Oppdragsgiver *					
Velg eller skriv inn ny	· 14%				
Firma *	the se				
Velg	-				
Nøkkelperson firma *					
Formål *					
Velg	<ul> <li>15/5</li> </ul>				
Program *					
Velg	- 57.	Fast			
Påkravd ved innmelding og hætilling *					ma
Pakrevd ved minnerung og besunning					ALL AN

Tabellen nedanfor gir oversyn over eigenskapar som er obligatoriske for å bestille. Dette kjem fram i applikasjonen også.

Eigenskap	Kommentar	Endre til Bestilt
Prosjektområdenavn	Navn på prosjektområdet, skal vere eit kort stadnamn.	Obligatorisk
Prosjektbeskrivelse	Kort skildring av kva prosjektet dreier seg om.	Obligatorisk
Kontaktperson oppdrag	Kontaktperson hos instansen som bestiller. Når kartleggingsfirmaet også bestiller prosjektet, kan dette vere den same som er nøkkelperson i firmaet.	Obligatorisk
OppdragsgiverKven som er oppdragsgjevar for kartlegginga. Om du ikkje finn de		Obligatorisk

	aktuelle oppdragsgjevaren i kodelista, kan du skrive inn namn på etat/firma. Dette oppdaterer kodelista.	
Firma	Firma som har tatt på seg oppdraget med å kartlegge.	Obligatorisk
Nøkkelperson firmaKartleggingsfirmaet sin nøkkelperson i kartleggingsprosjektet.		Obligatorisk
Formål	Formålet med kartlegginga, kva for prosess eller oppgåve kartlegginga skal støtte.	Obligatorisk
Program	Kartleggingsprogrammet "Naturtypekartlegging<år>" skal nyttast ved naturtype-kartlegging på land etter Miljødirektoratets instruks. Kartleggingsprogrammet "Basiskartlegging<år> skal nyttast ved arealdekkande kartlegging i naturvernområde.	Obligatorisk
Brukere	Personar som skal utføre kartlegginga i felt. Minst ein kartleggar må registrerast.	Obligatorisk

#### 4.6 Kombinere Tegn og Plukk ved multipolygon eller hol i objekt

Kravet i NiN-Prosjektinnmelding om at eit prosjekt skal vere ei heil flate vil skape problem dersom objektet du vil plukke har fleire flater (multipolygon). Mange naturvernområde har dette, og slike område let seg ikkje plukke direkte. Det same vil skje om objektet har hol. Til dømes vil ein liten eigedom inne i ein stor eigedom gi feilmelding om du forsøker å plukke den store eigedomen.

Når objektet du vil plukke er ein multipolygon, kan du binde flatene saman ved å teikne opp ein figur som går inn i alle flatene. Du lagar nærast ei bru mellom flatene, og brua kan gjerne vere så smal som mogleg. Når objektet du vil plukke har hol, lagar du ein figur som dekkjer alle hola.



Her er eit naturvernområde som både har hol og er ein multipolygon. I dette tilfellet må begge metodane nyttast.

Figuren som er teikna opp, dekkjer hola i polygonen og lagar brua over til den andre polygonen. Du kan no velje Plukk og klikke i verneområdet, så vil området danne eit prosjekt.





### 5. Redigere prosjekt

#### 5.1 Tilgang til å redigere

Du kan redigere alt på eit prosjekt med status "Utkast" når prosjektet er oppretta av deg eller ein annan brukar frå din etat.

Du kan leggje til nye kartleggarar på eit prosjekt med status "Bestilt" når prosjektet er bestilt av deg eller ein annan brukar frå din etat. I tillegg kan du utvide prosjektet, men du kan ikkje innskrenke det.

Statusane "Innmeldt forslag" og "Utlyses" blir brukte i dialogen mellom Miljødirektoratet og statsforvaltarane knytt til direktoratet sine utlysingar. Desse statusane kan berre redigerast av brukarar frå Miljødirektoratet.

#### 5.2 Finne fram til prosjekt som du vil redigere

I NiN-Prosjektinnmelding kan du søke ved hjelp av fritekst, og du kan filtrere på statusen til prosjekt og kartleggingsprogram.

Du kan skrive inn tekst i søkefeltet, og du får treff for kvar bokstav du skriv. I eksempelet nedanfor finn vi to treff med "test" i prosjektnamnet og eitt treff med "test" i namnet på oppdragsgjevar.

Regi	strerte prosjekter				
Q	test	Filtrer status	~		
		Filtrer program	~	î	
	Utkast 102402 Vardåsen_test		🖽 Vis i kar	t	^
Bestilt         DU Vis i kart           102403 Demo_prosjektstatus         Kartleggingsdat		t data			
	Bestilt Miljodir 100804 Grytdalen_test		D Vis i kar Kartleggings	t data	

Du kan kombinere tekst i søkefeltet med å filtrere på status og program og avgrense trefflista ytterlegare.

Registrerte prosjekter				
Q test	Bestilt	~		
	Naturtypekartlegging	2022 ~	×	
Bestilt 102403 Demo_prosjektstatu	us	囗 Vis i ka Kartlegging	art sdata	^
Bestilt 99606 Bygdøy_test		Ø Vis i ka Kartlegging	art sdata	
Bestilt 99605 test-acampo2		Ø Vis i ka Kartlegging	art sdata	

Søkefeltet brukar desse eigenskapane til å generere treff:

- Prosjektnamn. Merk at prosjektnamnet inneheld både ein unik ID, eit stadnamn og ein referanse til kartleggingsprogrammet.
- Føremål
- Oppdragsgjevar
- Firma
- Foreslått av (etatkode)

Filtreringskriteria og teksten i søkefeltet held seg på plass heilt til du nullstiller. Klikk i det grøne krysset eller slett manuelt.

#### 5.3 Redigere geometri og eigenskapar og leggje til brukarar

Du opnar eit prosjekt for redigering ved å klikke i prosjektnamnet i trefflista. Alle geometriverktøya er tilgjengelege, og du kan redigere eigenskapar i venstrepanelet. Du kjem tilbake til trefflista ved å klikke i "Registrerte prosjekt".

Eit prosjekt må ha minst ein kartleggar før det kan bestillast. Du kan leggje til brukarar ved å klikke på "Brukere". Brukarar kan både leggjast til og fjernast så lenge prosjektet har status "Utkast". Etter at prosjektet er bestilt, kan du berre leggje til nye.

Miljø- direktoratet NiN-Prosjektinnmelding	
← Registrerte prosjekt	
401304_Testområde_2023_NTYP Prosjektareal 15.167 km2	regn Aupp spill Place
Prosjektområdenavn *	Patrian
Testområde	The share when the state of the
Velg et kort stedsnavn.	tesper Print
Prosjektbeskrivelse *	
Test	
Kontaktperson oppdrag *	
Tester Testersen	
Oppdragsgiver *	
TestMiljodir ×	- Augustana
Firma *	The Course of the second se
TestfirmaNIN ×	
Nøkkelperson firma *	Anten
Tester Testersen	
Formål *	
Annet × ·	
Program *	
Naturtypekartlegging2023 ×	
Påkrevd ved innmelding og bestilling	
Påkrevd i tillega ved bestilling *	Ante

Første gangen du skal velje brukarar, vil det gjerne vere fleire frå det firmaet som skal utføre kartlegginga. Det enklaste vil da vere å søke med firmanamn. Trefflista kjem alfabetisk etter fornamn. Du kan velje fleire brukarar i ein operasjon ved å halde inne Ctrltasten og klikke på dei namna du skal ha med.

	Miljø- direktoratet	
÷-	Tilbake til prosjekt	
Adı Kart	ministrer brukere for 94803 Test_shp :legger(e)	
L	egg til bruker	-
bi	ofo	
А	lexander Nilsson (Biofokus)	
А	nders Thylen (Biofokus)	
J	ohn Gunnar Brynjulvsrud (Biofokus)	
м	laria Knagenhjelm Hertzberg (Biofokus)	
0	le Jørgen Lønnve (Biofokus)	

Dersom prosjektet allereie er bestilt og er ute i kartleggingsverktøya, vil det som regel vere tale om å leggje til ein eller to nye brukarar på prosjektet. Da kan søk etter namn vere det mest effektive.

Miljø- direktoratet NiN-Prosjektinnmelding	
← Tilbake til prosjekt	
Administrer brukere for 94803 Test_shp	
Legg til bruker	-
kristi	
Gunnar Kristiansen (Natur Og Samfunn AS)	•
Kristin Daugstad (Norsk institutt for bioøkonomi)	
Kristin Moldestad (COWI AS)	
Kristin Sommerseth Johansen (Sállir Naturrådgivning AS)	
Kristin Wangen (Miljøfaglig Utredning AS)	

#### 5.4 Kopiere eigenskapar frå eitt prosjekt til fleire

Har du fleire prosjekt som skal kartleggast av dei same kartleggarane, kan du gjere ferdig eitt av dei og kopiere eigenskapane til dei andre prosjekta. Alt av eigenskapar blir kopiert til dei andre prosjekta, same om det allereie er registrert noko der. Prosjektnamn og geometri blir ikkje påverka av dette.

Kryss av for det prosjektet som skal kopierast til andre prosjekt og klikk "Kopiér".

Miljø- direktoratet	NiN-Prosjektinnmelding
Opprett         Importér         Eksportér	Endre status Kopier Slett
Registrerte prosjekter	
Q Søk på prosjekter	Filtrer status
	Filtrer program
Utkast 113204 Testområde3	🛱 Vis i kart
Utkast 113203 Testområde2	仰 Vis i kart
Utkast 113202 Testområde1	仰 Vis i kart

Kryss av for prosjekta du vil kopiere eigenskapar til og klikk "Overfør".

Miljø- direktoratet NiN-Prosjektinnmelding								
	Overfør	Avb	ryt					
	<b>Utkast</b> 113203 T <b>estområde2</b> Huk av for prosjekter du ønsker å egenskaper til - trykk så på 'Overf	overføre ør'-knappen	VALGT PRO	SJEKT				
Regi	strerte prosjekter							
Q	Søk på prosjekter	Filtrer status.	🗸					
		Filtrer program	n 🗸	Ŷ				
~	Utkast 113204 Testområde3			A				
•	Utkast 113202 Testområde1							

Dei prosjekta du vil kopiere eigenskapar til kan ha eigenskapar frå før. Applikasjonen kontrollerer dette og vil spørje om du ønskjer å skrive over desse.

Miljø- direktoratet	iN-Prosjekti	innmelding					
Bekreft og Ove	erskriv Avb	ryt					
AD∿ Du er i ferd med å overskriv Er du sikker på :	/ARSEL! e allerede eksiste at du vil overskriv	erende verdier! e?	*				
ID: 113204 Prosjektbeskrivelse: Prosjektbeskrivelse Kontaktperson: Sigbjørn							
<b>Utkast</b> 113203 Testområde2 Huk av for prosjekter du ønsker å egenskaper til - trykk så på 'Overfø	overføre ør'-knappen	VALGT PROS	SJEKT				
Registrerte prosjekter							
Q Søk på prosjekter	Filtrer status.		~				
	Filtrer program	m 🗸	~				
Utkast 113204 Testområde3			*				
Utkast 113202 Testområde1							

Du får stadfesta at kopieringa gjekk bra.

Opprett Importer Eksporter Endre status Kopier Slett							

### 5.5 Slette prosjekt med status "Utkast"

Du kan slette eitt eller fleire prosjektutkast ved å krysse av i boksen til venstre for prosjektnamnet og klikke "Slett". Du må stadfeste at du vil slette.

	Ailjø- direktoratet	NiN-Prosjektinnm	elding		Bekreft sletting av prosjekt	Pål Theodorse X
Opprett	-5 B>	A - C		+ sgårnoen	Bekreft sletting av 1 prosjekt	
Registrer	te prosjekter	Endre status Kop	Siete	The Alls		Slett 🛇 Avbryt
Q ipa	ad	Filtrer stat	us 🗸 🗙		the Hard	The Con
7640	ast 03 PåltesterpåiPad		🖽 Vis i kart			

#### 5.6 Splitte prosjekt

Dersom arealet du ønskjer å få kartlagt er større enn 70 km2, får du ikkje digitalisert dette som eitt prosjekt. Andre grunnar til å dele opp eit utkast kan også tenkjast. Du kan splitte eit prosjekt ved å aktivere Splitt i verktøymenyen.

Miljø- direktoratet									
← Registrerte prosjekt	- +	۵	ot	¥	8	1	5	0	net
104002_[Prosjektområdenavn]_2022_[programkode]		1 Tegn Dobbe	Klipp eltklikk elle avslutte	Splitt er klikk "Ferd tegningen.	Plukk lig" for å	Ferdig	Angre	Avbryt	Gur
Brukere Prosjektareal 43.779 km2 Prosjektareaddenum	Unoversities			olbaşalır			Atte	Annual A	Hola
[Prosjektområdenavn]							100		Sal
Velg et kort stedsnavn. Prosjektbeskrivelse *		Supara -			Vader			NAME.	
Kontaktperson *	and a second		Hagny	H				Austomated	In

Trekk splittlinja gjennom prosjektet. Når du fullfører splittlinja ved å dobbeltklikke eller klikke på Ferdig-knappen, får du velje kva for objekt du går vidare med.

Miljø- direktoratet NiN-Prosjektinnmelding									
← Registrerte prosjekt	tin +	<i>▶</i> Tean	Klipp	ू भू Solitt	8 Plukk	✓ Ferdig	Angre	Avbrut	Costdoren N
104002_[Prosjektområdenavn]_2022_[programkode] Brukere Prosjektareal 43.779 km2 Bruciektområdenavn		Coyardan o Dobbe	Itklikk eller avslutte	klikk "Ferd tegningen.	ig" for å	Velg or () () () () ()	mråde Område A Område B	(3.172 km2 (40.607 km	2) 1/2)
[Prosjektområdenavn] Velget kort atedanavn. Prosjektbeskrivelse *		Solda sety a	A REAL	and the second s	~	- television	ATT	Tendom	Anorecian de la companya de la compa
Kontaktperson *				Induke	ſ				Salaria (Koro Galaria (Koro Salaria (Koro Salaria (Koro Salaria (Koro

Avhengig av kor presist grensa skal trekkast, kan du finjustere i større målestokk ved å legge til og klippe bort areal. NiN-Prosjektinnmelding har ikkje automatisert handtering av overlapp mellom prosjekt, så du må justere begge objekta uavhengig av kvarandre.

Det kan vere krevjande å få til ei splittlinje som følgjer ein naturleg struktur som er godt eigna, til dømes ein veg eller ei elv. Er det høge krav til presisjon her, bør du heller etablere prosjekta på nytt i eit GiS-verktøy og importere dei til NiN-Prosjektinnmelding.

### 6. Bestille og følgje opp prosjekt

#### 6.1 Bestille prosjekt

Når du bestiller eit prosjekt, skjer følgjande:

- Prosjektet blir låst for det meste av vidare redigering, og du kan heller ikkje slette det. Du kan leggje til nye kartleggarar, og du kan utvide prosjektet.
- Prosjektet vil visast i NiN-Admin med ein gang.
- Detaljerte kartpakkar for nedlasting til iPad blir laga. Desse blir brukt som bakgrunnskart i offline modus i NiNapp.
- Når offline kartpakke er ferdig, vil prosjektet finnast i NiNapp og i NiN-web, og det vil kunne brukast av kartleggarar på prosjektet.

Om du eller andre har bestilt mange prosjekt kort tid etter kvarandre, vil produksjonen av offline kartpakkar ta meir tid enn normalt.

Du startar bestilling ved å velje prosjekt, klikke på knappen "Endre status" og velje "Bestill".

Miljø- direktoratet	JiN-Prosjektinnmelding
Opprett Importér Eksportér	Bestill
Registrerte prosjekter	
Q Søk på prosjekter	Filtrer status
	Filtrer program 🗸
Utkast 113204 Testområde3	♪ ∭Visikart
Utkast 113203 Testområde2	囗 Vis i kart

Applikasjonen kontrollerer at eigenskapar er utfylte.



Applikasjonen stadfestar at bestillinga gjekk bra, etter at manglane blei retta opp.



Prosjektet har endra status og farge i kartet.

Miljø- direktoratet	iljø- NiN-Prosjektinnmelding rektoratet					
Opprett Importér Eksportér	Endre status Kopier Siett					
Registrerte prosjekter						
Q Søk på prosjekter	Bestilt					
	Filtrer program					
Bestilt 113204 Testområde3	印 Vis i kart Kartleggingsdata					
Bestilt 113203 Testområde2	即 Vis i kart Kartleggingsdata					

#### 6.2 Utvide eit bestilt prosjekt

Du kan utvide eit bestilt prosjekt. Til dette bruker du dei ordinære verktøya for å etablere geometri i NiN-Prosjektinnmelding.

Dette kan du nytte til å unngå å bestille prosjektet for stort i første omgang, om du er tvil. Du kan også bruke dette høvet til å utvide eit prosjekt i tilfelle uventa endringar i planar eller andre premiss.

Når du teiknar vidare på eit bestilt prosjekt, vil prosjektet setje seg i eit førebels modus, markert med lys grøn farge. Du kan no sende det reviderte prosjektet til kartleggingsverktøya (Sync inn), eller å gå attende til det prosjektet du opphaveleg bestilte (Reverser).

Miljø- direktoratet	På	Theodorsen, Miljødi
← Registrerte prosjekt		Holøy- fjellet
113602_Plukktest_2022_NTYP       Brukere         Gyldig fra dato       5.10.2022, 13:12:23         Opprettet av (bestiller)       Miljodir         Prosjektareal       1.797 km2         Prosjektområdenavn *       Plukktest         Velg et kort stadanære.       Velg et kort stadanære.	Tegn     Plack     Kink     Tegn     Lego     Reverser     Sync inn       Velg hviket kartlag du vil bruke so utgangspunkt for prosjektområdet.     Naturvernområder     Naturvernområder     Naturvernområder       Tørmer-     Foreslåtte naturvernområder     SSB Ruter     SSB Ruter     Dekningskart Natur i     Verneområder (NIN)       Floan J     Dekningskart Naturtyper Mdir-     Instante     Instante	ellet klun
Prosjektbeskrivelse * Test	instruks Prosjektinnmelding plukkelag Vedvix-	Sm
Kontaktperson * Pål	Vedvikholmen hatten kur-aan Hattavika Stakhol- genne hatte	
Firma *	Secola	
TestfirmaNIN * *	Fossvikholman 77 Steinvikto na	
Annet × -	Langneset	Millomvatnet
Naturtypekartlegging2022 × +	7	A

Om du ikkje får fullført på dette stadiet, vil du finne dette prosjektet heilt nedst i prosjektlista. Hent det opp og arbeid vidare.



Merk at utviding av prosjekt berre kan gjerast av ein brukar i etaten som har bestilt prosjektet. Om det kan vere aktuelt å utvide eit prosjekt, bør ein brukar frå kartleggingsfirmaet som skal utføre oppdraget også bestille prosjektet.

#### 6.3 Dersom prosjektet ikkje blir fullstendig kartlagt

Prosjektavgrensinga dannar dekningskartet i publiserte data. Miljødirektoratet er særs opptatt av at dekningskartet skal vere reelt, og at ein kan stole på at areal i dekningskartet faktisk er kartlagt. Det er difor vi rår til at du startar med eit lite prosjekt og utvidar det etter kvart viss kartleggingsområdet ikkje er bestemt ein gang for alle.

Sjukdom, tidleg snøfall m.m. kan forårsake at prosjektet ikkje blir fullstendig kartlagt. Miljødirektoratet har ein metodikk for å etablere reelle dekningskart for dei areala som er kartlagt i slike tilfelle. Ta kontakt med oss på <u>ninkartlegging@miljodir.no</u>, så skal vi hjelpe til med å få orden på både dekningskart og data.

# 7. Prosjektutkast som kjem i overlapp

### 7.1 Overlapp med tidlegare kartlagt areal

Som regel er det ikkje nødvendig å kartlegge på nytt i areal som allereie er kartlagt etter Miljødirektoratets instruks. For eksterne bestillarar vil det også sjeldan vere aktuelt å kartlegge naturtypar etter instruksen inne i naturvernområde.

For å unngå utilsikta overlapp med tidlegare kartlagt areal vil NiN-Prosjektinnmelding kontrollere prosjektutkastet ditt mot dekningskart for område som er kartlagt frå før. Applikasjonen gir eit varsel i fall prosjektet ditt kjem i overlapp med tidlegare kartlagt areal. Varselet gir også melding om kva for tidlegare prosjekt utkastet overlappar.



Slå på dekningskart og sjå kvar det er overlapp. I dette tilfellet er det overlapp med både tidlegare kartlagt naturvernområde og tidlegare kartlagt areal etter Miljødirektoratets instruks:



Vi rår til at du justerer utkastet slik at det kantar mot dei tidlegare kartlagde areala. Bruk dekningskart som plukkelag og bruk "Plukk" og "Fjern" til å få prosjektutkastet til å grense inn mot det tidlegare kartlagde arealet.



Klikk inne i det tidlegare kartlagde arealet, så får du fjerna det frå utkastet. I dette tilfellet må du først velje det eine dekningskartet, og deretter det andre. Resultatet er at prosjektet kantar fint inn til dei areala som allereie er kartlagt.



Viss det tidlegare kartlagde arealet ligg heilt omslutta av utkastet ditt, blir det meir utfordrande. Du kan splitte prosjektet i to og fjerne tidlegare kartlagt areal frå kvart av dei to nye prosjekta, men det er ikkje enkelt å få til ei splittlinje som sikrar at arealet kan kartleggast mest mogleg saumlaust. Sjå heller etter om du kan finne noko i kartet som anten ikkje treng kartlegging, eller som mest sannsynleg ikkje vil innehalde naturtypar.



I dette tilfellet kan du nytte vatnet som det tidlegare kartlagde arealet grensar til i nord. Vassflata skal ikkje kartleggast, og du kan lage ein "kanal" inn i prosjektet. Klipp ut areal frå prosjektet, slik at du får eit bilete om lag som dette. Pass på at utklippet ikkje kjem utanfor det tidlegare kartlagde arealet.



No kan du bruke Plukk og Fjern til å få fjerna det tidlegare kartlagde arealet, og prosjektet ditt er kvitt overlapp med tidlegare kartlagt areal.



Om det er gjort store tekniske inngrep i området, eller det er påvist manglar i den opphavlege kartlegginga, kan det likevel vere slik at areal som er kartlagt tidlegare må kartleggast på nytt. Bestiller du ny kartlegging i et tidlegare kartlagt område, skal heile prosjektområdet undersøkast, og alle naturtypar skal kartleggast, uavhengig av om dei er kartlagt tidlegare. Du må følgje retningsliner for tidlegare kartlagde område i Miljødirektoratets kartleggingsinstruks, kap. 6. «Areal som skal kartlegges».

Om du ønsker å bestille kartlegging for å leggje til ein naturtype som ikkje eksisterte i instruksen på kartleggingstidspunktet (til dømes kom fleire endringar i instruksen mellom 2018 og 2019), eller noko liknande, ta alltid kontakt med Miljødirektoratet på <u>ninkartlegging@miljodir.no</u> før bestilling.

Ved supplerande kartlegging på grunn av manglar i den opphavlege kartlegginga, må du omtale dette i feltet "Prosjektbeskrivelse". Skriv til dømes "Prosjektet inkluderer supplerande kartlegging av [naturtypenamn] i eit tidlegare kartlagt område [årstal]".

#### 7.2 Overlapp med andre prosjekt

Prosjektutkastet ditt kan kome i overlapp med andre prosjekt som er bestilt eller ligg som utkast i NiN-Prosjektinnmelding. Om du teiknar i kartet, vil du sjå dette medan du arbeider. Om du importerer avgrensinga, til dømes eit planområde, vil du sjå overlappande areal når objektet er importert.

Vi rår til at du ikkje bestiller prosjekt som overlappar andre prosjekt. Ei god løysing kan vere å ta kontakt med den ansvarlege for det andre prosjektet og få til ei samordning mellom dykk. Skriv til <u>ninkartlegging@miljodir.no</u>, så kan vi finne ut kven du må kontakte for å få samordna prosjekta.

"Prosjektinnmelding plukkelag" inneheld dei områda som blir teikna inn i NiN-Prosjektinnmelding i løpet av sesongen. Får du overlapp med eit område i dette kartlaget, kan du tilpasse prosjektet ditt mot dette området. Ver samstundes merksam på at alle område i dette kartlaget kan bli endra.

Du kan bruke "Plukk" og "Fjern" for å leggje prosjektet ditt kant i kant med eit anna prosjektutkast eller bestilt prosjekt. Legg utkastet ditt inn i det området du vil kante prosjektet ditt med. Pass på at du ikkje får mellomrom langs grensa, legg utkastet så langt inn at du er sikker.



Pass på at du har stilt inn slik at området du vil kante prosjektet ditt med blir fjerna frå prosjektet, og ikkje lagt til. Når dette er gjort, kan du klikke inne i det området du vil fjerne, og prosjektet ditt grensar fint inntil det andre området.



Det finst råd om du har vore for kjapp, og har fått lagt til det andre området i staden for å fjerne det. Klipp ut ein bit av prosjektet ditt, slik at du kan klikke inne i det området du vil fjerne. Sett så opp riktig kombinasjon med "Plukk" og "Fjern" og klikk inne i det andre området.



Om det skulle ligge fleire prosjekt med ulike statusar i overlapp, kan du avgrense kva for statusar som skal visast i kartet. Dette kan gjere det enklare å redigere på eit prosjekt som skal kantast inntil eit anna.

Nin prosjektinnmelding - Prosjektomrade
$ earrow \circledast$ nin_prosjektinnmelding
Prosjektomrade
🐠 Prosjektomrade - Utkast
🐠 Prosjektomrade - Innmeldt forslag
🐠 Prosjektomrade - Utlyses
🐠 Prosjektomrade - Bestilt

### 8. Eksporter prosjekt

Du kan eksportere prosjektdata til Excel, Shape og Filgeodatabase. Eksporten vil ta med seg alle synlege prosjekt i lista. Bruk søk og filter til å avgrense lista. Eksport til Excel vil mellom anna kunne brukast til å kontrollere at alle eigenskapar er riktig på plass før du endrar status frå "Utkast" til "Bestilt". Eksport til vektorformat er nyttig mellom anna om du vil ta med deg eit utkast til eit GiS-verktøy og jobbe videre med det der.

Miljø- direktor	NiN-P:	rosjektinnm	elding
Opprett Importér	Excel	<b>A</b> → C ⇒ status Kopi	ier Slett
Q     testomr	Shape Filgeodatabase Filtr	status er program	× ×
Utkast 113202 Testor	nråde1		🖽 Vis i kart
Bestilt 113204 Testor	nråde3		🛱 Vis i kart Kartleggingsdata
Bestilt 113203 Testor	nråde2		₯ Vis i kart Kartleggingsdata

### 9. Hente kartleggingsdata

Du kan hente kartleggingsdata frå bestilte prosjekt. Prosjektet må vere ferdig kartlagt, ved at alle kartleggingsdata er sende til godkjenning frå kartleggingsverktøyet.

Opprett     Importér     Eksportér	Endre status Kopier	Slett
Registrerte prosjekter	Bestilt	~ X
Bestilt 45602 Havstein	Kart	I Vis i Kart leggingsdata

Skriv inn e-postadressa til mottakaren av nedlastingslenka.

Nedlasting av kartleggingsdata for: 45602 - Havstein	×
Angi en mailadresse	
Send 🛇 Av	vbryt

Data kjem som geodatabasefil, og det er nødvendig med ein viss teknisk kompetanse for å få etablert data på eit høveleg vis i eit GiS-verktøy. Dei standardiserte faktaarka som følgjer publiserte data er ikkje inkludert i geodatabasen.

Miljødirektoratet publiserer godkjende kartleggingsdata med jamne mellomrom. Dette reduserer behovet for å laste ned kartleggingsdata via NiN-Prosjektinnmelding.

# 10. Melde inn forslag frå statsforvaltaren

#### 10.1 Overordna arbeidsflyt ved innmelding

Statsforvaltarane skal bruke NiN-Prosjektinnmelding til å melde inn forslag til kartleggingsprosjekt, både basiskartlegging i naturvernområde og naturtypekartlegging etter direktoratet sin instruks.

For å få sett tilgangen til å etablere prosjektforslag, loggar du inn i NiN-Prosjektinnmelding og følgjer arbeidsflyten i <u>Be om tilgang til NiN-Prosjektinnmelding</u>. Du treng ikkje godkjenning for denne tilgangen, så den blir sett automatisk når du ber om han.

Arbeidsflyten er som elles i applikasjonen, ved at du opprettar eit utkast og arbeider med dette til du er ferdig. Når du er ferdig med utkastet, hukar du av for prosjekt du vil melde inn og endrar status.

Innmeldte forslag blir overtatt av Miljødirektoratet. Statsforvaltaren som har meldt inn forslaget vil sjå det i prosjektlista for etaten, men kan ikkje redigere det.

Miljødirektoratet kan fullføre og bestille slik forslaget er meldt inn. Direktoratet kan redigere geometri og eigenskapar og deretter bestille. Direktoratet kan også setje det innmeldte forslaget tilbake til Utkast for at innmeldar skal kunne redigere og melde inn på nytt. Rutinar og reglar for dette blir utvikla og formidla i samband med dialogen mellom statsforvaltaren og aktuell seksjon i direktoratet.

### 10.2Eigenskapar for innmeldt forslag

#### 10.2.1 Felles eigenskapar for alle program

Eigenskap	Kommentar	Endre til Meld inn
Prosjektområdenavn	Navn på prosjektområdet, skal vere eit kort stadnamn	Obligatorisk
Prosjektbeskrivelse	Kort skildring av kva prosjektet dreier seg om.	Skal ikkje fyllast ut for innmeldt forslag
Kontaktperson oppdrag	Kontaktperson hos instansen som bestiller.	Skal ikkje fyllast ut for innmeldt forslag
Oppdragsgiver	Kven som er oppdragsgjevar for kartlegginga	Skal ikkje fyllast ut for innmeldt forslag
Firma	Firma som har tatt på seg oppdraget med å kartlegge	Skal ikkje fyllast ut for innmeldt forslag

Program	Kva for kartleggingsprogram som skal nyttast.	Obligatorisk
Formål	Formålet med kartlegginga, kva for prosess eller oppgåve kartlegginga skal støtte.	Obligatorisk
Kartleggingsbegrunnelse	Kvifor det er viktig å få kartlagt området, tekst	Obligatorisk
Kontaktperson forslagsstiller	Kontaktperson hos statsforvaltaren	Obligatorisk

#### 10.2.2 Programavhengige eigenskapar

Krav til informasjon for innmeldt forslag varierer mellom kartleggingsprogramma. Dei aktuelle eigenskapane blir synlege når du har valt program. Merk at programavhengige eigenskapar forsvinner dersom du endrar program for eit innmeldt forslag.

For basiskartlegging i verneområde er følgjande spesifikke eigenskapar aktuelle ved innmelding av forslag:

Eigenskap basiskartlegging	Kommentar	Endre til Meld inn
Verneområde ID	Naturbase ID for verneområdet. Data for "Trusselbilde" og "Trusler innenfor" blir automatisk henta frå Naturbase.	Obligatorisk
Prioritet	Prioritet i form av eit tal. Unngå at fleire forslag får same prioritet.	Obligatorisk

Merk at NiN-Prosjektinnmelding ikkje har synkronisering med verneområdedatasettet i Naturbase. I tilfelle "Trusselbilde" eller "Trusler innenfor" blir oppdatert i Naturbase i løpet av arbeidet med å melde inn eit forslag, må Verneområde ID skrivast inn på nytt for å få oppdatert informasjonen i NiN-Prosjektinnmelding.

For naturtypekartlegging er følgjande spesifikke eigenskapar nødvendige ved innmelding av forslag:

Eigenskap	Kommentar	Endre til Meld inn
Prioritet	Prioritet som Høy, Middels eller Lav	Obligatorisk

Trusselbilde	Skildre trusselbilde, tekst.	Obligatorisk
Naturtype	Sannsynlege naturtypar i området, tekst.	Obligatorisk

#### 10.2.3 Innmelding av forslag til kartleggingsområde

Når utkastet til eit kartleggingsområde som skal meldast inn er klart, markerer du området i lista og endrar status frå Utkast til Innmeldt forslag. Ver sikker før du endrar status, sidan du ikkje kan redigere eit innmeldt forslag.

Miljø- direktoratet	NiN-Prosjektinnmelding
Opprett Importér Eksportér	Meld inn Slett
Registrerte prosjekter	
<b>Q</b> Søk på prosjekter	Filtrer status 🗸
	Filtrer program
Utkast 113202 Testområde1	口 Vis i kart

Brukarar som berre kan melde inn forslag vil ikkje sjå "Bestill" og "Utkast". "Meld inn" vil vere det einaste som kan veljast.

#### 10.3Resirkulering av tidlegare innmeldte forslag

Innmeldte forslag som ikkje har inngått i kartleggingsoppdrag blir stilt tilbake til Utkast av Miljødirektoratet. Statsforvaltaren kan vurdere om eit slikt forslag skal redigerast og meldast inn på nytt eller om det skal slettast.

Miljødirektoratet syter for at vi rutinemessig får endra årsversjon av program for alle innmeldte forslag og alle utkast som er etablert med tanke på innmelding som forslag. Det same gjeld årstalet i prosjektnamnet.

#### 10.4Brukarar med fleire roller

Brukarar hos statsforvaltaren kan ha to ulike roller, både for bestilling og for innmelding av forslag. Alle vil kunne melde inn forslag, men embeta styrar sjølve kven som skal kunne bestille kartleggingsprosjekt. Også brukarar frå statsforvaltaren skal fylle ut skjema i Elektronisk søknadssenter for å få tilgang til å bestille. Om du har begge rollene, må du velje rolle når du loggar inn.

Velg rolle for bruker		
Din bruker er registert med flere roller. Velg hvil	ken rolle du vil bruke i NiN-Pros	jektinnmelding.
Bestiller - Statsforvalter	Prosjektforslag	

Rollen "Bestiller – Statsforvalter" gir deg høve til å lage eit utkast og bestille kartlegging i applikasjonen. Som bestillar vil du ikkje sjå dei programspesifikke eigenskapane som høyrer til innmeldte forslag. Du vil berre sjå eigenskapane som er aktuelle ved direkte bestilling av prosjekt.

Rollen "Prosjektforslag" gir deg høve til å lage eit utkast og melde inn som forslag til kartleggingsområde. I denne rollen vil du sjå alle eigenskapar til eit prosjekt, også når eit innmeldt forslag er blitt til eit bestilt prosjekt.

Du kan når som helst endre kva for rolle du skal ha. I øvre ramma av applikasjonen finn du funksjonalitet for dette.

Paul Teodorsen, Statsforvalteren i Trøndelag, Prosjektforsag (bytt rolle)
---

Klikk på "bytt rolle", og du får opp boksen for å velje rolle og kan endre denne.